



## Retningslinjer for ordninga: Utvida tilbod om hjelp i heimen.

Utvida tilbod om hjelp i heimen er eit lågterskeltilbod. Dette er ei hjelpeordning som kjem i tillegg til det lovpålagde tilbodet (som heimehjelp, heimesjukepleie o.l.)

### Målsetting for ordninga:

Å yte praktisk hjelp i heimen slik at foreldre, eldre og andre brukargrupper får eit utvida tilbod i ein vanskeleg situasjon.

### Målgruppe:

1. Foreldre som på grunn av sjukdom eller personlege vanskar, i ei periode er ute av stand til å gje barn tilstrekkeleg omsorg.
2. Andre innbyggjarar i Volda kommune som pga sjukdom eller på annan måte ønskjer meir hjelp i heimen enn dei kan få igjennom det lovpålagte tilbodet.
3. Innbyggjarar i Volda som ønskjer praktisk hjelp i heimen.

### Utvida hjelp i heimen kan vere:

Stell og tilsyn med born, matlaging og vedlikehald av kle, dagleg reinhald og småvask, praktiske ærend, følgeteneste o.l.

Ved søknad/ førespurnad vert hjelpebehovet vurdert utifrå søkjaren sin totale situasjon, og i samsvar med kriteria som er nemnde ovanfor.

### Betalingssatsar: Prisane gjeld frå 01.03.2010

Inntekt under 2G (kr 145.762,-)	kr 100,- halv dag/250,- heil dag
Inntekt 2G-3G (kr 145.762,- – 218.643,-)	kr 50,- pr. time
Inntekt 3G-4G (kr 218.643,- – 291.524,-)	kr 75,- pr. time
Inntekt 4G-5G (kr 291.524,- – 364.405,-)	kr 100,- pr. time
Inntekt 5G og over(frå kr 364.405,-)	kr 125,- pr .time

Inntektsgrensene gjeld søkjaren/husstanden si samla netto inntekt før særfrådrag ved siste kjende skattelikning. Satsane vert vurdert årleg for kvar brukar.

Med helsing

Volda kommune, pleie- og omsorgsavdelinga

Jorunn Anne Remme Tomasgard

Pleie- og omsorgssjef